

## **Søknad om tilskot til opptrykk av boka ”Krigsår på Radøy”**

*Krigshistoria frå øya vår glir lengre og lengre vekk i tid. Dess viktigare er det at komande generasjonar vert kjende med den.*

*Sogelaget produserte ei flott bok om desse historiane i 2011. Sist vart boka trykka i 1000 eks, men den vart fort utseld. Laget har fått fleire forespurnader om kvar ein kan få tak i boka.*

*Sogelaget har no bestelt opptrykk på 600 eks, der styret har gjort vedtak om å gje vekk ca 100 av desse som ei gåve til alle skulane i kommunen, slik av kvar skule skal ha eit eige klassesett til bruk i undervisningssamanheng.*

*500 stk vert lagt ut for sal, med same utsalspris som då den sist vart trykka; 200 kr for medlemar og 300 kr for ikkje-medlemar.*

*Den totale kostnadsramma på opptrykket vert 47 812,50 kr inkl mva.*

*Sogelaget ber kommunen om tilskot til opptrykk av boka på kr 20 000,-*

*Me vil få eit etterslep på inntektsida, og reknar ikkje med eit stort sal på opptrykket på kort sikt, men produksjons-/kostnadmessig er det bedre å bestelle eit større opplag enn fleire opptrykk.*

*Med helsing*

*Mai-Liss Sylta Møn  
for Radøy sogelag*